

JOSTEDALSRYPA

SEGN FRÅ LUSTER

Eg har ofte reist gjennom Lom mot Stryn, men også tatt inn i vakre Bøverdalen mot Jotunheimen. Etter flyttinga vestpå tok eg i 2017 vegen frå andre sida, frå Sogndal, overnatta i Gaupne, Luster kommune, vidare til fantastiske Turtagrø og inn i Jostedalsrypas rike. Eg ville sanse åstaden.

Når døden gjekk si svarte ferd i landet
braut mange opp frå fjord og tok til fjells,
la bak seg pestens grep, og gard og granne,
og frykta styggedom i rottepels.
La fram ein eigen stein, for Brevstein nemna,
eit skilje mellom det som er og var,
fortelje om det nye liv dei femna,
og finne von i fjordafolkets svar.

Men pesten tok sitt tak om alt og alle
og kyrne trakk seg bort og sprang mot aust
og folket såg og følte lagnadsfallet
og dei fann svarte liv og dødens haust.
Men det var spor av barnefot på enga,
ei lita taus forskremd med seng av fjør,
ho hadde maten stukke ned i senga
og huda dekt av dun som ingen før.

So seier segna: fugleungen nekta,
den vesle rypa nekta plent å dø,
om pesten tok dei alle, heile slekta,
bar ho ein draum om daglegliv og sjø.
So seier segna: ho vart gift ved stranda
og hennar ætt vart stor i heim og hall.
Eg tenkjer livet heldt deg trygt i handa,
og gav deg vengjesus i solefall.

FREDDIE LANGRIND 2018